

## Referat foreldremøte 20.april.2015

Tilstade: Aud Karin Sylta Floen, Mona-Lill Vågenes, Mariann Tittland, Elisabeth Vågenes, Silje Palmesen, Camilla Otterlei, Mohammed Toure

### Sak 1: Val av klassekontakt, vara, og FAU for skuleåret 2015-2016

Klassekontakt: Elisabeth Vågenes (2014-2015 Eva Rikstad)

Vara: Mona Lill Vågenes (2014-2015 Elisabeth Vågenes)

FAU: Elisabeth Vågenes (2014-2015 Tormod Grindheim).

### Sak 2: Plan samarbeid heim-skule

Kontaktlærer informerer litt rundt kven som har kva ansvar. Viktig at skule og foreldre spelar på same lag, viser at me alle er opptekne av at ungane skal meistra og trivast på skulen. Skulen/lærer snakkar positivt om heimen, og heimen/foreldra snakkar positivt om skulen.

Utdrag frå lovverket:

#### Hjemmet har ansvar for

- Foreldrene har hovedansvar for barnas opplæring, og har derfor medansvar i skolen
- De har ansvar for å følge opp barna sine lekser
- Skal ta skolen på alvor

*Foreldrene må kunne føle seg trygge på at læreren har en plan for elevens utdanning*

#### Skolen har ansvar for

*å realisere denne oppgave*

*Gjennom å holde god kontakt med foreldrene.*

- Å holde forpliktende foreldremøter og minst to utviklingssamtaler i året
- Vise hvilke metoder vi bruker
- Tilpasset opplæring- for alle elever (gjennom blant annet individuell leseopplæring)

### Sak 3: Førebyggjande mobbearbeid ved Hordabø skule

Det er heldigvis lite mobbing på skulen vår. Me jobbar jamt med førebyggjande arbeid, og har nulltoleranse for mobbing.

Stikkord:

- Zero-samling kvar månad.
- Klassemøte: Samtale i klassen etter zero-samling/elevråd
- Elevsamtale. Individuell samtale med eleven ang korleis ho/han har det på skulen og i heimen. (Også fagleg.)
- Utviklingssamtale 2 gongar i året
- Foreldremøte

- Inspeksjon. Fleire vaksne ute alltid når elevane har friminutt eller uteleik. Nokre
- Observerer og rettleiar elevane i konfliktløysing
- Naturleg aldershierarki. Me ynskjer at det skal vere eit naturleg aldershierarki blant elevane. Med det meiner me td at det er greitt at dei eldste elevane kan bestemma og forklara dei ynskte korleis reglane er i ulike leikar. Dette har vorte trekt fram fordi me har observert at fleire yngre prøver å setja på plass dei eldste blant anna på fotballbana.
- Kvardagssamtale. Både ein til ein, i små grupper og i klassen.
- Skulen har sjølvstilt ein handlingsplan som vert tatt i bruk dersom me avdekker noko som kan føra til mobbing, eller i verte fall om me avdekker mobbing.
- Heimen vert kontakta omgåande dersom ein elev står i fare for å verte mobba eller mobbar andre.

#### **Sak 4: Lesestimulering**

Skulen har stor fokus på lesing, og lærar understreka fleire gonger kor viktig det er at heimen føl opp dette. Les for, og med borna, be dei fortelja kva dei har lese, diskuter med dei, lytt til dei. Ros og motiver borna. Viss de heima har ein positiv haldning til lesing og skule generelt vil borna også ha det. Samleige elevar har hatt god framgang i lesing denne vinteren, det er resultat av ekstra trykk på lesing i denne perioden.

##### Stikkord:

- Bibliotek, 1 time kva måndag. Forsøker saman med elevane å tilpasse bok etter nivå og interesse.
- Lesekvart. Kvar dag har me 15 min stille, individuell lesing
- Leselekse: skal lesast minst 3 gongar heime.
- Samlesing. Er leseleksa tung/vanskelig, les høgt, saman med bornet.
- Leselogg. Eit hjelpemiddel til dei som treng påminning viss ikkje dagleg lesing er ein rutine.
- Høgtlesing. På skulen les lærar ofte høgt i tema faga. Les for borna heime også.
- Leseforståing: tilpassa oppgåver
- Leseuniverset: tilpassa leselekser
- Lesestrategiar
- All lesing er bra lesing!

Ei vis lærarinne frå tidlegare tider har uttalt: «om de ikkje huskar noko av de eg har lært til dykk på skulen, så husk uansett, når de får barn sjølv, les for dei.»

#### **Gode nettstader:**

- Salaby.no
- Multi.no
- Stairs.no
- Radius.regnemestern.no
- Moava.no
- Itslearning.no

Ynskjer at de tek kontakt om det skulle være noko.

Jannicke ☺